

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernerøy.

Emne: Giftande ungdom.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Nokon regel for kor ungdSMÅR skulde taka gifta si frå kan eg ikkje minnst der var snakk um heima; når det berre var eit bra menneske og av god ætt, kunde det gjerne vera frå ei onnor bygd. Kanhenda det var gjævare med ei frå andre stader enn nætt næraste gard.
2. I mi heimbygd var der midt i 1800-talet 4 gjenter frå andre bygder som vart gifte til gardar. Dei heldt seg noko betre enn dei andre konene, sa folk; um dette var rett veit eg ikkje, berre at det var dugande koner som hadde vurdnad.
3. Vanleg var det gifte frå same sosiale lag, um det og hende dette vart brote.
4. Dette galdt både gutar og gjenter. Ein dansk folkehøgskulemann sa på sine eldre dagar, han hadde vore med og hjelpt ei gjenta av høgare sosialt lag gifta seg med ein av lågare; dei sat smått i det og han spurde seg sjölv um han hadde gjort rett.
5. I eldre tid var det truleg meir foreldri som avgjorde giftarmålet, ikkje alltid medlike stort held. Frå mi heimbygd fortelst frå fyrre hundradåret at ei gjenta hadde huglagt ein annan og vart tvinga gifta seg med ein rikmanns-son; ho syrgde so at ho døydde stutt tid etter. Ei onnor kom heim og sa ho vilde ikkje attende til mann; foreldri jaga henne avstad; ho gjekk men kom aldri fram; ho hengde seg i ei björk på vegen. - No synest det at foreldri har lite se-gja i valet, um dei enn kan gjeva råd eller telja frå, oftast med liti nytta.
6. Det kan gjerne vera at større gardeigarar la upp råd um samgifte, for å halda medelen saman, gjerne auka han. Men rikdom eller velstand kunde lokka. Eit gamalt ord lyder: Torva gifter slurva.
7. At foreldre avtala giftarmål alt med borni var små kjenner eg ikkje til heimanfrå, um det nok kan ha hendt.
8. Ordet systkinbyte kjent. Det var 2 i kvar heim, gjerne gut og gjenta i kvar, men det hende og 2 av same kyn.
9. Grunnen til avtalar millom foreldri kunde vera venskap, og at dei vilde styrkja ætti; til det var medelen gjæv.
10. Dei såg ikkje gjerne at nærskylde vart gifte ihop. Systkinborn må truleg ha löyve, trimenningar er kanhenda fri. Helst såg dei at der ikkje var nært skyldskap. Ætti kunde gå ned- yver med slikt inngifte, tenkte dei.
11. Nokon skil um det var ætt på manns- eller kvinnesida i den leid veit eg ikkje av; truleg var det likt.
12. Ja, det hende nok at borni sette seg upp mot foreldre i giftarmålsvegen. Stundom enda dette med vedkomande vart gåande ugift, andre tider at trulovingi gjekk yver styr.
13. Noko um at det skulde ikkje gå dei vel som setteseg upp mot foreldri i giftarmål kjenner eg ikkje til. Men folk

- har til vanlegsterk rettferdskjensla:det vonde krev hemn.
14. Det hende nok at unge fann studnad i sine krav, anten hjå foreldri på eine sida, eller og hjå andre. Ofte var der nokon som tok part for dei unge; eg kjenner i minsto eit høve, der det truleg hadde vore betre å lydt foreldri (hans).
 15. Noko med "skamskot" eller anna som skulde vera uttrykk for missliking av giftarmålet kjenner eg ikkje til frå mi bygd. Det einaste kunde vera at grannar som ikkje var bedne i brudlaupet kunde finna på ei eller onnor pretta, men helst gjekk det stille, berre med litt skjøting under brudlaupet o.l.
 16. At den valde vart sett på nokon slags prøve for giftarmålet vart godteke, kjennér eg ikkje til.
 17. Eg tenkjer meg at alle sosiale lag stod nokso likt i val av ektemake, berre at born utan foreldre kunde stå noko friare. Elles hadde folkemeiningi sitt å segja når nokon skulde giftax seg, og den kunde tala ganske godt ut, um dei vilde, og jamt fekk dei unge vita folkemeiningi. Mindre vyrde mennske tok dei det ikkje alltid so nøgje med, både det dei sa og det dei gjorde.
 18. At enkjer stod friare i å velja seg livsfylgje, kangjerne vera, Men det er ikkje sermerkt.
 19. Gutane valde etter hugen, som av og til kunde vera underleg. At dei valde etter medel hende sikkert ikkje sjeldan.
 20. Dei vil ha det til at gjentene ofte tok varsel um komade ektemake. T.d. jolafta kunde dei med grauten kokte, ta ei skei med graut og gå, andsöles, kring huset, so skulde dei få sjå sin tilkomande. Eller liggja sjå upp i loftet samekvelden, so skulde dei og få sjå han. Nyttår var det helst meir dei skulde sjå kven som kunde liva det nyå året til endes: såg dei inn glaset, skulde den feige vera utan hovud.
 21. Hugvendingsdropar eller anna som kunde hjelpa til kjærleik, veit eg ikkje um, eller veit nytta i heimbygd, um det nok kan vera nokon brukte slikt. Eg tenkjer dei helst tagde um det.
 22. Folk hadde visst liti tru på slikt, men dei huglaude kunde finna på mangt forå vinna den "utvalde" for seg.
 23. Helst gjekk gutar og gjenter ikkje i lag på veggen, um det var til kyrkje eller anna. Og det var sjeldan dei talast ved i slike høve, anna enn reint kvardagslege ting. Onnorleis kunde det vera når dei, etter gamal skikk reiste til andre kyrkjer ein sumarsundag. Då drog dei i mi heimbygd avstad på båt og heldt lag båe vegar og hadde høve prata saman. Men det var sjeldan då høve snakka tvoeine. Derimot kunde dei ved danselag nytta hövet stikka ut ein tur millom dansane og snakka saman.

II. Notte-friing.

Slikt var gamal skikk, um det vel frå fyrst av berre var eit høve verta betre kjende med kvarandre, til den "tine" var funni, og etterpå serleg galdt henne. Noko usömeleg såg folk ikkjei dette. Dei vaksne gjentene sov til vanleg på loftet yver stova, det var ikkje sed at dei låg i fjaset eller löda, anna um sumaren, etter höyet var innkome, men då kunde både gutar og gjenter soega i höystaden, jamnast fleire i lag.

Heimbygd, mi er ei öy-bygd, so dei måtte bruka båt millom öyane, og den som vilde til "gjentene" vilde helst fara dult, kom etter det var myrkt, eller so löynt som mogeleg, og rodde heimatt för det vart ljost. Andre ungdomar såg gjerne etter slike nottefriarer og gjorde fantestykke med båten, t.d. drog den högt upp på land, rodde den ein annan stad, göymde av årar o.l.

24. Når det vart slutt på nottefriing kjenner eg ikkje til.
25. Namnet på slike som gjekk um nettene forå möta gjenter, var "nottelaupar", ofte fleire i lag, og dei skildets vel etter kvart i mindre flokkar, -ein etter ein gav seg etter.
26. Nokon skilnad på nottelauping og nottefriing er ikkje godt gjeva, kanhenda byrja det med nottelauping og enda med friing..
27. Kor mange som gjekk i lag avhang av storleiken på bygd og kor mange gutar som vilde og kunde koma seg ut på slikt.
28. Truleg byrja dei ikkje med slikt för etterkonfirmasjonen, gjerne ei tid etter og.

- 3
29. Eg tenkjer meg dei fylgdest grendevis, heile bygdi kunde ikkje lett koma saman i mi heimbygd.
 30. Serleg rangsskilnad var der ikkje, bondegutar, husmannsborn og tenarar kunde fylgjast.
 31. At dei gjekk visse netter, og at då kunde "framande" gutar og fylgja med, kjenner eg ikkje til.
 32. Gutane i ein krins lika ikkje at gutar frå andre krinsar kom inn i deira, der var som krig millom dei og dei gjorde det dei kunde for å meinka ein frå ein onnor krins å få "tak" i gjentene i deira bygd.
 33. Jamnast var der få unge gutar i krinsen, og jamnast heldt dei saman, utan at eg kjenner til at dei kunde skilja seg ut serleg bondegutar og andre, men untenkjeleg er det ikkje.
 34. Nokon sers kveld avsett til tenestefolki veit eg ikkje mykje um, var det so måtte det vera laurdagskvelden.
 35. Kanhenda laurdagskvelden vart truleg mest nytta til "friing" men andre kveldar kunde og nyttast, for å halda seg löynd.
 36. Forbod mot nottefriing visse kveldar ukjent for meg. Gamal sömd og skikk sa til dei ikkje gjekk når der låg lik på garden, eller fyre visse storehelgjer.
 37. Visse strok dei gjekk på veit eg ikkje, eg tenkjer dei helst gjekk der det var gjenter å finna.
 38. At dei kunde gjera seg framandt mål, eller klæda seg ut for å vera ukjend, er rimeleg, alt skulde helst gå löynt um båd var.
 39. Noko vers dei sa fram i slike høve kjenner eg ikkje til.
 40. At dei for stillast mogeleg fram er rimeleg.
 41. Foreldre og husbondsfolk såg helst med mindre velvilje på nottefriing, um enn sume gjerne vilde få døtrene sine gifte og såg gjenom fingrar med dette.
 42. Gjentene kunde vel vera noko ulike i måten dei tok mot gutane på. Summe lika snakka med dei og halda moro ei stund, men dei skilde snart ut dei gutane dei ikkje lika.
 43. At gutane baud på pitkvart er rimeleg, helst var det vel brennevin, eller allerhelst sukkerty.
 44. Gjentene kunde og ha eit eller anna by på, serleg når dei vart betre kjende, t.d. sokkeband, klokkekjede av hår o.l.
 45. Gjenta visste alltid å syna kven ho lika best, um ho vilde, serleg etter ho var klår yver seg sjölv; det kunde vera ved eit ord eller ei gåva. Summe hadde vondt for å verta viss på kven dei lika best og hadde det ofte vondt i den leid.
 46. Kor lenge dei kunde gå i flokk til ein viss stad er ikkje godt segja, eg tenkjer det var ettersom dei vart mottekne.
- III. Den einslege nottefriaren.
47. Når kjenslene klårna meir av enda det vel med at ein vart den utvalde.
 48. Eg tenkjer meg den einslege kunde koma etter dei andre, elle og ein kveld andre ikkje var der.
 49. Alt skulde gå mest mogeleg löynt.
 50. Kor lenge den einslege gjekk veit eg ikkje, eg tenkjer antan til han fekk ja, eller vart avvist.
 51. Smågaver som teikn på meir bindande lovnad kunde vera ting dei hadde laga sjölv, eller noko kjøpt, t.d. plagg. Ringar var helst teikn på vissa: truloving.
 52. Andre i flokken kunde gjera pretter med den einslege, når dei merka han hadde ei "utvald", det kunde vera ein av flokken, halvaksne gutar, folki på garden eller andre. Serleg kunde dei vera leide med gutar frå andre krinsar.
 53. At sagflis vart ströydd millom heimen til guten og til gjenta veit eg ikkje av. Heller ikkje "kattemusikk" eller bjöllelåt. Heller kunde dei finna på noko under brudlaupet, um dette var for moro eller der kunde liggja noko um hemn attum veit eg ikkje.
 54. Både gut, gjenta og heimen mislika slik "uppvarting".
 55. Rimeleg at foreldri mislika pretter under brudlaupet.
 56. At dei vart rekna som offentleg trulova når dei vart ute for pretter av ungdomen, kjenner eg ikkje til. Truleg vart det meir snakk um dei etter slikt.

57. Sætrar var der ikkje i mi heimbygd, so dette kjenner eg ikkje. 4

III. Andre måtar som förde ungdomen saman.

A. På kyrkjebakken.

58. Det var ikkje rekna som vanleg sömeleg at gutar og gjenter snakkast på kyrkjebakken, dei heldt seg i kvar sine lag, både för og etter gudsthesten.
59. Noko bjoda på med dei var på kyrkjebakken veit eg ikkje av. Gamalt hadde kvinner med "hode-vannshus" og baud kvarandre "lukt" av dei, gjerne inne i kyrkja. Karane venta ute på kyrkjebakken på lysingar, og so hadde dei gjerne eit eller anna erend til andre: her fanns folk og kunde gjera avtalar. No stoggar folk ikkje på kyrkjebakken.
60. Gjentene hadde heller ikkje noko bjoda på det eg veit av.
61. Gjentene venta at gutane kom til dei, um det vel og kunde henda at ho tok "initiativet".
62. Ho hadde sjölv sagt höve visa kven ho lika best, um ho enn gjerne löynde det best mögeleg, serleg frå fyrst av.
63. Skikk med påske-egg ved kyrkja ukjend heima. Likeso med andre gåver visse sundagar.
64. Dei som hadde lang veg til kyrkja hadde visse kvilestader, og der snakka dei um veret, bygdenytt, klædi o.a. Heima hadde me sjölv veg til kyrkja.
- 65-66. Leik og dans ved kyrkja heilt ukjent i mi heimbygd.

B. Gjestebod saman med eldre.

67. Eldre og yngre kom saman til ættegilde i joli, eller vanlege gilde eller festar i dei store helgene, ved barnedåp og gravferd, og ved visse höve året gav, t.d. jonsok, ved dugnader og ved nottevoka; det siste elles avlagt i min oppvokster.
68. Dei vaksne gutane og gjentene kunde tala meir fritt saman i slike höve, um enn bundne av gamal skikk og sed.
69. Eg tenkjer det var kjökemeisteren og varttsfolket som avgjorde kor gjestene skulde sova; um der var flatseng dei skulde ligga på. Men truleg var der dei som sjölv valde sin plass og lag. At dei drog lut um plassen har eg aldri höyrt, det kunde nok tenkjast.
70. Stabbedans er slått eg veit, ukjent i mi heimbygd.
- 71-73 fell burt.

C. Andre höve der eldre var med.

74. I eldre tid var det skikk, truleg og i mi heimbygd, at dugnad slutta med dans. Gjentene kom då når dagsarbeidet var slutt, og dei fekk truleg mat för dansen. Dit kongebrev i si tid forbaud dugnad i Stavanger amt laurdag, då dei dansa og festa etterpå, so dei kunde ikkje koma i kyrkja dagen etter.
75. Auksjonar var og eit slag offentlege "forlystelser" der ungdom kom saman, og det enda ofte med dans. Likevel har eg aldri höyrt um slikt i mi heimbygd.
76. Næmastemarknad för mi heimbygd var i Stavanger, serleg var haustmarknaden gjæv, dit skilde mange, både unge og eldre.
77. Gåver dei kjøpte med, eller ting dei måtte hava, var brennevin, som för vart brukt ved sida av öl, men brennevin var meir högtid med og lettare taka med i lag. Dertil kunde gutane kjøpa plagg av ymse farge og til ymse pris, dei kalla dei för "marknads-plagg". Marknads-dokker snakka dei og um. No er dette slutt, det eg kjenner til.
78. Samanskotslag för unge og eldre med mat, drykk og dans ukjent i mi heimsbygd.
79. Fell burt.

D. Samkomer der ungdomen var mest för seg sjölv.

a) Um sumaren.

80. Gjente-gjestebod (tausa-veitsla) ikkje brukt heima.
81. Um der har vore slike, meir i det stille og för få, avdi der på öyane ikkje budde so mange, tenkjer eg gutane var ikkje bedne med.
82. Dette veit eg lite um. Tenkjer dei måtte kosta det sjölv um enn sume husbondsfolk vel kunde skjoda litt til med eit eller anna. At slike lag vart rekna med i löni veit eg ikkje noko um.

83. Kor mange dei var hang vel av kor mange gjenter der var i grannelaget. Gjestebådet gjekk truleg på umgang.
84. Truleg hövde ein onsdagskveld, eller og ein laurdag.
85. Dei heldt seg med moro og gamla: prata saman, hadde handarbeid med, gjerne eit spöt, og song saman. Kanhenda stevjing i eldre tid. Dans veit eg ikkje um der var.
86. Sers lag for gutar kjenner eg ikkje til, dei var ofte for få, og olsoklag, eller sætralag kjenner eg ikkje til
87. Fell burt.
88. Jonsokafta var vanleg samlingskveld, med vite, bål. Sume tider med regn jonsokafta kunde dei brenna vite syftesok, men sjeldan. Det hende nok dei klødde seg, og leik var vanleg, dans minnest eg ikkje der var.
89. I bærtidi kunde ungdomen ro yver fjorden til ein holme der det vaks mikkelsbær. Sers namn på denne dagen var der ikkje, helst var det ein godverssundag dei rodde yver, i den tid bæri var mogne.
90. Det hende dei, anka måke-egg, men der var lite av dei og noko lag på dei veit eg aldri av. At dei drog ut og fanga krabbe, humlebol og anna veit eg heller ikkje av.
91. Ball-slåing var vanleg sumarsundagane, serleg ettermiddag på ein viss, lagleg stad. Sjeldan um kveldane.
92. At eldre var med for å akta på ungdomen veit eg ikkje av.
93. Serleg sumarsundagskveldane kunde unge og eldre koma saman ute, sitja sjå utyver og prata saman; dei unge kunde finna på små-moro.
94. Etter eimbåten fekk bryggja og kom sundagslem. kunde mange gå dit, helst når dei hadde erind, elles ikkje. Gutar og gjenter kunde fylgja kvar sine, eller og gå i lag. I seinare tid har det visst hendt der har vore dans på eimbåtsbryggja sundagskveldar.

b). Um Winteren.

95. Gjentene kunde koma saman sume kveldar, med handarbeid, dei kunde leggja upp kor mykje dei skulde spöta t.d. og det galdt vera rapp på fingrane. Syng var det mindre med då ljuset ikkje alltid var so godt. Det hende at gutar kom innum, um enn der ofte var få av dei. Sers namn på slike samkome kjennar eg ikkje til.
96. Desse samkome var vinterstid, når våren kom med ljósare dagar var det slutt, i april eller so.
97. Eg tenkjer desse lag gjekk på umgang, um neppe i fast ruta Heima var få hus og ikkje alle hadde höve taka mot.
98. Minne um at slike samkome var i fjaset har eg ikkje höyrt.
99. Var der moro var det meir stille; gjerne song dei viser; bygdeviser var meir vanlege enn no. Bygdenytt kunde og koma fram og kanhenda små leikar.
100. Einaste danselag eg kjenner til heima var festar ungdomslaget skipa til då det var dana. At der för og kunde vera danselag tenkjer eg meg, um enn meir ved slumpehöve, eller hjå ein ugift som dei kunde halda laget hjå.
101. Fekk dei hus for dans, hjelptest gutar og gjenter med å skipa til det naudturvelege, gjerne og med matstell.
102. Leidaren eller ein utpeika skulde syta for spelemann.
103. Korleis utlogene vart skifte veit eg ikkje, eg tenkjer gutane ofte tok det meste. Gjentene hadde vel meir med maten, um der var noko.
104. Det kan nok tenkjast at danselag var oftare etter trekkspel vart vanlege og folk kunde spela. Fela var ikkje velsedd ei tid.
105. Sport um vinteren var der lite av. Dei kunde renna på kjelke eller skeisa på ei tjörn, det siste gjorde gutar og gjenter saman. Kjelkerenning var borni si moro. Skisport var der ikkje, lendet var ikkje hövande og jamt for lite smö. Kappköyring heller ikkje, heller kapp-roing eller - sigling.
106. Alle som vilde kunde vera med på slik sport, men mest var det unge, vaksne, gifte folk sjeldnare.
107. Gutar og gjenter kunde vera med, men mest var det gutane.

- Borni kunde beda seg lov hjå foreldri, tenarar gjekk i fri-
~~tid~~ tid; ~~um~~ dei spurde seg löyve veit eg ikkje
 108. Sers skilnad på det for eldre let borni vera med på veit eg
 ikkje, sume kunde vera meir forhipne vera med medan andre var
 meir stille heima. - I eldre tid kunde sume ikkje lika at
 gjenter lærde skriva.
 109. Vart borni nekta kom det av at foreldri ikkje fann samkoma
 sömeleg nok: det hövde ikkje for dei å vera med, sa dei.
 110. Jamnast lydte dei når foreldre sa slikt. Tenarar gjekk ofte
 utan löyve og kunde etterpå få kländer um der var noko dei
 ikkje lika.

IV. Joletråd.

111. Den karmann som kom til gårds etter nyttår og fann ei kvinna
 ved rokken, vart kalla rokkemannen eller rokkekallen til kvina.
 112. Det heitte at han skulde halda rokken hennar i stand det året.
 Låvedumpa höyrde eg aldri snakk um, truleg hadde det vore slike
 tidlegare. Dette med rokkemann var gjerne eit embete, um eg enn
 aldri höyrde noko um plikter, eller höyrde dei snakka um embete.
 113. Noko gåva frå eller til rokkemannen har eg ikkje höyrt um.
 114. Joledokka snakka dei ikkje um i mi heimbygd det eg kjenner til.
 115. Var der joledokka, kunde nok gjenta gjeva ei fin til den, utvalde?
 116. At rokkemannen fekk gåver er meg ukjent.
 117. Heller ikkje veit eg av at rokkemannen gav noko gåva.
 118. Heller ikkje vart rokkemannen boden jolemat eller - drykk.
 119. Rokkemannen skulde halda rokken i stand året ut, heitte det.
 Mest var dette spøk, etter det eg kan skyna.
 120. Låvedumpa snakka dei aldri um heima det eg minnest. Kanhenda för.
 121. Dermed fell 121 - 123 burt.
 124. Det kan nok vera der var snakk um at rokkemannen, eller låve-
 dumpa skulde vera kjærestar med andre parten, der var meir snakk
 um slikt för, truleg oftast for moro og for å ha noko snakka
 um; den tid las dei ikkje so mykje aviser og var upptekne med
 dei, og folk måtte ha noko drösa um.
 125. At dei tigga joletråd kjennte eg ikkje til heimanfrå.
 126. Heller ikkje dette med langfredagstråd.
 127. Kva dei gjorde med joletråden veit eg ikkje.
 128. Snakket um at gjenta hadde lov fri sjölv kvart skötår, kjenner
 eg til, um eg ikkje veit um noko tilfelle det var gjort. Det
 var i so fall ikkje berre 29/2.
 129. Um slik friing var gjord, tenkjer eg meg dei helst tagde
 um det etterpå, for det skulde vera som ei skam at ho
 fridde, heitte det.